

Møteinkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtested: E-postmøte

Dato: 14.07.2016

Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldast snarest på tlf. 94880564. Vararepresentantar deltek etter nærmere beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone for marknadsføring - Visit Jotunheimen		2016/4895

Arkivsaksnr: 2016/4895-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.07.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	14/2016	14.07.2016

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone
for marknadsføring - Visit Jotunheimen****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, gjev Arbeidsutvalet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone for filming for marknadsføring av Visit Jotunheimen, i tråd med søknad av 13.07.16. Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Områda er avgrensa til Juvvasshytta-Galdhøpiggen, Krossbu-Sognefjellshytta-Bøverbrean og rundt Leirvassbu.
2. Flyging nær fugl, vilt eller beitedyr skal unngåast.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. Dispensasjonen gjeld for 6 dagar løpet av veke 32, 34 og 35 i 2016
5. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om datoar seinast dagen før flyging via melding til mobilnummer 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no .
6. Flyginga skal gjennomførast mest mogleg koncentrert, men sidan ein skal dekke 3 ulike soner, blir det gjeve løyve til inntil 6 dagar med droneflyging.

Nasjonalparkforvaltinga skal ha ein kortfatta rapport/e-post som listar opp tid og stad for filmopptak ved avslutning av opptaksperioden.

Saksopplysningar**Saksdokument**

- Søknad ved e-post av 13.07.2016 frå Visit Jotunheimen v/ Martine Hårstad.
- Andre søknader om bruk av drone behandla av nasjonalparkstyret eller AU.

Visit Jotunheimen søker om dispensasjon for bruk av drone for produksjon av ein liten reklamefilm for marknadsføring av Lom og Jotunheimen. I søknaden står m.a.:

Visit Jotunheimen skal i samarbeid med innleid regissør og fotograf og Lom kommune lage en reklamefilm for Lom og Jotunheimen. Filmen skal inneholde klipp fra bedrifter i området (både overnatningssteder og aktivitetsbedrifter), samt generell filming fra Lom nasjonalparklandsby og naturen i Jotunheimen.

Vi ønsker å lage en kort film som vekker folks nysgjerrighet for området.

Filmingen skal foregå i løpet av uke 32, 34 og 35.

For å vise fram Lom og Jotunheimen på best mulig måte søker vi derfor om å få filme med drone i områdene:

- Juvasshytta – Galdhøpiggen
- Krossbu – Bøverbreen
- Rundt Leirvassbu

Tanken er å filme fra guidet tur til Galdhøpiggen og guidet blåistur til Bøverbreen, samt generell filming av naturen rundt Leirvassbu. Hvis vi ikke får innvilget alle områdene står Juvasshytta – Galdhøpiggen øverst på ønskelisten. Selve dronefilmingen er planlagt i løpet av uke 34 og 35 og dronepilot er Ola Rossehaug i Lom kommune, som har lisens RO1.

Filmen vil bli distribuert på visitjotunheimen.no, våre sosiale mediekanaler og YouTube. Formålet med filmen er å markedsføre Lom og Jotunheimen på en god og ansvarsfull måte.»

Nasjonalparkstyret har i sak 27/2015 gjeve eit liknande løyve for Visit Sognefjord, der det i tillegg vart nytta helikopter, og ein finn det derfor tilstrekkeleg å leggje denne saka fram for Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret. AU har 7/7-16 også gjeve dispensasjon for filming for marknadsføring av Nasjonalparkriket og Visit Valdres (Sak AU-13/2016). Destinasjonsselskapet som nå står att er Visit Jotunheimen.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdeværn)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. For Jotunheimen er det eit anna punkt i forskrifta som regulerer denne typen farkostar.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «*modellfly og liknande*» i nasjonalparken. Det blir tolka slik at «*og liknande*» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlovas § 48. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon berre dersom tiltaket «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vera oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*»

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan og overordna føringer elles

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. Utkastet gjev ikkje føringer for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «*modellfly og liknande*» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

I utkastet frå 2008 er motorferdsel i samband med media omtala: «*I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l.*».


I 2012 vart det lagt fram ein nasjonal reiselivsstrategi som blant anna seier: «*Gjennom særlig tilretteleggelse for bruk av naturen som innsatsfaktor i reiselivsproduktene kan vi sikre at ferdelsen og opplevelsene i naturen ikke går på bekostning av miljøhensyn. Regjeringen vil legge bedre til rette for utvikling av reiselivsprodukter i tilknytning til store verneområder...»*

Fjellvandring er eit viktig satsingsområde for reiselivet i Nord-Gudbrandsdalen og det vil alltid vera behov for film- og fotomateriale til bruk i profil- og marknadsarbeidet knytt til ulike reiselivsdestinasjonar. Det er ein stor fordel at filminga skjer i regi av reiselivsselskapet, framfor at mange enkeltbedrifter utfører fleire små oppdrag. Tiltaket skil seg klart frå dronefilming av private turar, som det for tida kjem ein del søker på.

Sjølv om også dette er ei form for reklamefilming, må ein ta omsyn til at det er tydeleg knytt til det lokale reiselivet og utvikling av dette. Det kan ikkje samanliknast med reklamefilming for ulike produkt som ikkje har direkte tilknyting til nasjonalparken, og som derfor bør leggjast utanom verneområda. Marknadsføring av destinasjonen kan ikkje leggjast andre stadar, og nasjonale føringer opnar for auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane, så lenge det ikkje skjer på ein måte som går ut over verneverdiane.

Galdhøpiggområdet, Smørstabbrean og området sør for Leirvassbu er i forvaltningsplanen vist som «brukssone»; sjå kartutsnitt under og vedlagt kartskisse.

- Teig 7: Galdhøpiggo-mrådet
- Teig 8: Smørstabbre-mrådet



Om desse såkalla brukssonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

I retningslinjer for teig 7 står m.a.:

«- - - Det bør informerast betre om trygg ferdsel på breane. - - -»

For teig 8: *«- - Informasjon om sikker ferdsel på bre må videreutviklast.- - »*

Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova:

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparkar, og fleire er innvilga, men med tydelege avgrensingar av formål, område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Søknadar om bruk av drone for privat filming av fritidsaktivitetar har ikkje vorte innvilga, da det vil skape uheldig presedens pga. svært mange potensielle søkjrar som kan ønske tilsvarande løyve.

Søknader som gjeld marknadsføring som kan bidra til verdiskaping/ næringsutvikling må vurderast nøyne for kvart enkelt høve, og kan på visse vilkår imøtekoma. Det er gjeve løyve til filmopptak for marknadsføring av dei andre destinasjonsselskapa rundt Jotunheimen, og det som står att er Vist Jotunheimen. Tiltaket må vurderast nøyne opp mot verneformål og eventuell påverknad, og det er ikkje berre aktiviteten knytt til sjølve filminga skal vurderast. Ein må også vurdere om det er ønskjeleg å trekke fleire folk til dei aktuelle områda og om auka trafikk kan tenkast å gå ut over verneverdiane. Det kan skape uheldig presedens om ein opnar for ukritisk bruk av drone for filming til marknadsføring, utan å ha ei konkret vurdering av effekt på verneverdiar og om det er i tråd med den overordna forvaltningsplanen. Alle områda dei har søkt om her ligg i dei såkalla brukssonene, der ein ønskjer å leggje til rette for balansert bruk så lenge den ikkje går ut over verneverdiane. For brevandring på Bøverbreen og kryssing av Styggebreen på tur opp til Galdhøpiggen er viktig med informasjon om at ein eventuell tur på breen krev breførar, dersom ein sjølv ikkje har tilfredsstillande kompetanse og

utstyr til dette, jf. retningslinjer i forvaltningsplanutkastet frå 2008. Planlagt filming vil gje eit nyttig bidrag til informasjon om tryggleik og behov for bruk av breførar.

Tiltaket er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar dei omsøkte områda, men ein manglar erfaring når det gjeld bruk av dronar og eventuelle effektar av bruken. Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå direkte støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Indirekte effektar som auka trafikk og uroing kan derimot vera i konflikt med verneverdiar og føringar i forvaltningsplanen. Områda som vil bli marknadsført her er ikkje blant dei mest sårbare, slik at det er rom for marknadsføring for auka verdiskaping, i tråd med den nasjonale reiselivsstrategien.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor avgrense omfanget og unngå område og tider med stor utfart. Ein prøver i størst mogleg grad å unngå flyging på helg. Vidare må det visast respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. også Samferdselsdepartementets forskrift av 30-11-2015 *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv*, som også har strenge føringar på dette.


Ut frå føre-var-prinsippet (NML § 9) er det generelt viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl og andre sårbarer viltområde. Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte hekkelokalitetar for sårbarer rovfuglar i austre del av Jotunheimen n.p., og flyginga er i tillegg planlagt utanom hekkesesong. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for tiltak som skaper uheldig presedens. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (nml § 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Sjølvे droneflyginga medfører ikkje miljøforringing dersom det blir utført på ein omsynsfull måte, og NML § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, slik at drone er beste tekniske hjelpemiddel for filmopptak dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Ein par dagar med bruk av drone for filmopptak i kvart av desse områda vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Filminga vil truleg ha ein viss marknadsføringseffekt, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet. Det er ikkje spesielle forhold som gjer at ein treng avgrense talet på besökande i dei aktuelle områda. Filmen vil vise breføring, og bidra til betre informasjon om sikkerheit ved brevandring i teig 7 og 8, jf. forvaltningsplanen.

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det vil derfor bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon. Det vil vera sårbarer område der ein ikkje ønskjer auka trafikk, og som såleis ikkje bør inngå i filmar for marknadsføring. Aktiv marknadsføring bør konsentrerast til dei mest robuste områda som toler auka trafikk, utan at det går ut over verneverdiane.

Vedlegg 11
FORVALTINGSPLAN FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK
OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE



Teiknforklaring

- | | |
|-----------------------------------|-------|
| Sone utan tilrettelegging | ■ |
| og inngrep, teig 1 - 4 | |
| Brukszone, teig 5 - 11 | |
| Brukszone | ■■■■■ |
| Nasjonalpark | ■■■■■ |
| Landskapsvernområde | ■■■■■ |
| Fylkesgrense | ■■■■■ |
| Kommunegrense | ■■■■■ |
| Riksveg | — |
| Fylkesveg | — |
| Kommunal veg | — |
| Privat veg | — |
| Skogsbiweg | — |
| Melkt sti | — |
| Sti | — |
| Bejent turistforeningshytte | ■■■■■ |
| Sjølvbetjent turistforeningshytte | □□□□□ |
| Ubjetent turistforeningshytte | △△△△△ |
| Privat turistforeningshytte | ○○○○○ |
| Bussetriad | ●●●●● |
| Høgdepunkt | × |

0 1 2 3 4 5 kilometer